



Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Høyring av forslag til endringar i kommunelova og forvaltningslova om rolleklarheit m.v. i kommunesektoren

Fylkesutvalet har i møte den 12.12.07, sak 161/07, vedteke slik fråsegn til høyringsnotatet:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ser positivt på at det er sett eit skjerpa søkjelys på etikk og kontrollordningar i offentleg sektor. Dette på grunn av at uheldige forhold og sogar kriminelle handlingar er avdekka innan deler av offentleg forvaltning og i einskilde offentleg eigde selskap.
2. Fylkesutvalet vil åtvare mot overreaksjonar som vi dessverre har sett klåre tendensar til, og som i noko mon blir avspeгла i departementet sitt framlegg. Samtidig har ein ikkje tydeleg nok fokus på kontrollordningane, der revisjonsarbeidet heilt klart er viktigast.
3. Dei einskilde framlegga i departementet sitt utkast vil Fylkesutvalet kommentere slik:

Etikkdimensjonen i kommunelova

Fylkeskommunen sluttar seg til departementet sine forslag til lovendringar. Det er viktig at den etiske dimensjonen vert synleggjort i kommunelova slik at kommunane og fylkeskommunen kan bli meir medvetne på å utvikle og oppretthalde ein høg etisk standard, og slik at kommunane og fylkeskommunen stadig har merksemd på å utvikle tiltak som sikrar ein høg etisk standard.

Eigenkontrollen i kommunane og kommunalt eigde selskap

Fylkeskommunen sluttar seg til departementet sitt forslag til lovendring. Det er viktig at kontrollen med kjøp og sal av tenester vert styrka, slik at ein lettare kan oppdage muleg korrupsjon i kommunane og hjå private kundar og leverandørar.

Det er viktig at revisjonsarbeidet blir styrka, og at konsekvensane av dårleg revisjonsarbeid blir tydeleggjort. Reaksjonane på slik svikt hos revisor må skjerpast – også strafferettsleg. Dette må vidare gjerast gjeldande for kommunale selskap, også i dei tilfelle kommunale selskap vel andre enn kommunen sin ordinære revisor til å stå føre kontrollarbeidet.

Habilitet for leiarar og styremedlemer mv. i offentleg eigde selskap. Valbarheit for ordførar m.v.



Fylkesutvalet meiner Departementet sitt framlegg går for langt når det gjeld å innskrenke dei folkevalde sitt handlingsrom. Ulike selskapsformer – aksjeselskap (AS), kommunale føretak (KF) eller interkommunale selskap (IKS) – er ein viktig arbeidsreiskap i kommunane, og då særleg i mindre kommunar. Mange av desse selskapa driv ikkje først og fremst forretningsverksemd, men dei er skipa fordi kommunane ser seg tente med å løyse kommunale oppgåver i fellesskap. Styremedlemer og andre tillitsvalde i kommunale selskap utfører eit oppdrag på vegne av sitt kommunestyre.

Folkevalde som er styremedlemmar / varemedlemmar eller dagleg leiar i eit offentleg eigd aksjeselskap vert inhabile når saker frå vedkomande selskap kjem til handsaming i folkevalde organ. Habilitetsreglementet må vere likt for alle selskap som vert styrt etter aksjelova.

Folkevalde som er styremedlemmar / varemedlemmar eller dagleg leiar i KF eller IKS er, dersom ikkje andre lovparagrafar seier noko anna, habile til å delta i handsaminga når saker frå vedkomande selskap kjem til handsaming i folkevalde organ.

Valbarheit i kommunale foretak

Fylkesutvalet er usamd i departementet sitt framlegg til lovendring.

Fylkesutvalet ser ingen trong for å setje i verk arbeid med tanke på avgrensing i valbarheit utover dei reglar som alt ligg i kommunelova. Fylkesutvalet har full tillit til det kommunale sjølvstyret også på dette området.

Openheit og lovlegkontroll

Fylkeskommunen sluttar seg til departementet sitt forslag til lovendring. Vedtak om habilitet og vedtak om lukking av møte kan få så store verknader at det bør vere høve til å krevje lovlegkontroll av vedtaka. Vidare er det viktig at slike vedtak vert protokollførde med tilvising til den aktuelle lovheimelen slik at det ikkje er tvil om grunnlaget for vedtaket.

Godtgjersle for styremedlemer i kommunale foretak og interkommunale selskap

Fylkeskommunen sluttar seg til departementet sitt forslag til lovendring.

Suspensjon av folkevalde

Fylkeskommunen sluttar seg til departementet sitt forslag til lovendring.”

Med helsing



Erna Romøren
rådgjevar